



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 23.02.2016
Tid: 12:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 30/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 31/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 32/16	Tildeling av K1 i Engeset/Klepp - gbr 17/131 i Haslevegen
PS 33/16	Samarbeidsavtale og tenesteytingsavtale mellom Volda kommune og Volda kyrkjelege fellesråd
PS 34/16	Legevakt på Søre Sunnmøre - prosjekt om framtidig organisering
PS 35/16	Valdskoordinator
PS 36/16	Oppfølging vedtak punkt 22 i budsjett 2016 - Organisering av prosessar for frigjering av ressursar
PS 37/16	Orienteringssaker
OS 20/16	Kommunereform

PS 30/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 31/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Eli Øye Vassbotn	Arkivsak nr.:	2016/20
		Arkivkode:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
32/16	Formannskapet	23.02.2016

TILDELING AV K1 I ENGESET/KLEPP - GBR 17/131 I HASLEVEGEN

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet held fast på administrasjonen sitt brev av 06.01.16, der både Tømrer Prosjekt AS og Norhus Ørsta AS vert bedne om å utarbeide prospekt på utbygging av K1 Engeset/Klepp – gbr. 17/131. Volda kommune vil tildele tomta til den som kommunen meiner har det beste prospektet på utbygginga av tomta, som er bratt og krevjande å bygge ut. Frist med å kome med prospekt vert er sett til 30.06.2016. At eine søkjaren søkjer opsjon på tomta, og den andre søkjer om tildeling av tomta, ser kommunen på som likt utgangspunkt.

Vedleggsliste:

Søknad på tomt av 04.01.16 frå Tømrer Prosjekt AS.
Søknad om opsjon av 09.12.15 frå Norhus Ørsta AS.
Brev av 06.01.16 til søkjarane.
Klage på vedtak av 27.01.16 frå Tømrer Prosjekt AS
Reglar for tildeling av tomter i kommunale bustadfelt, vedteke i K-sak 94/2014.

Uprenta saksvedlegg:

Ingen

Samandrag av saka:

Sidan tomta er bratt og krevjande å bygge ut, vil kommunen ha framlagde prospekt som syner korleis utbyggerane vil bygge ut tomta. Sjølv om eine søkjaren har søkt om opsjon og den andre om tildeling, ser kommunen på dette som likt utgangspunkt. Kommunen vil velje det prospektet som ein meiner er det beste.

Saksopplysningar:

Dersom det er kome inn søknader på bustadtomter i kommunale felt, tildeler kommunen fortløpande den 6. i kvar månad. Ved tildeling den 06.01.16 var det kome inn 2 søknader på tomt K1 i Engeset/Klepp. Dette er ei tomt som er svært bratt og har store utfordringar når det gjeld byggtipe og utnytting av arealet. Sidan kommunen no har to søkjarar på same tomte og med dei utfordringar som denne tomte har, vil kommunen nytte høve ein no har med å kunne vurdere prospekta opp mot kvarandre. Og tilslutt kunne tildele tomte til den som kommunen meiner har det beste alternativet. At den eine sökaren søker opsjon og den andre om tildeling, ser kommunen på som likt utgangspunkt.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen ser på det som ein stor fordel å kunne få vurdert 2 ulike prospekt, for til slutt å kunne velje det beste alternativet for utbygging av tomte. Dette ser kommunen på som svært viktig, sidan tomte er bratt og gir utfordringar til utnytting.

Saka vert lagt fram for formannskapet som vel kven som skal få tildelt tomte etter vurdering av mottekne prospekt.

Helse og miljøkonsekvensar:

Har no høve til å få den beste mogleg tilrettelegging også i høve til eksisterande busetnad.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen for Volda kommune.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen.

Naturmangfaldlova:

Ingen.

Rune Sjurgard

Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Norhus Ørsta AS, Indrehovdevegen 64, 6160 Hovdebygda

Tømrer Prosjekt AS, Røysbakken 5, 6100 Volda

Klageinstans:

Volda Kommune
Stormyra 2
6100 Volda

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 2016/20	Ans: ØST
Løpnr:	Sns: ELIVAS
03 FEB 2016	
Arkivdel:	Emne 2
Klassering P:	611
Klassering S:	

27.01.2016

Klage på vedtak

Vi viser til Tømrer Prosjekt AS sin søknad dat. 04.01.16 om å få tildelt tomt 17/131 Haslevegen (K1) i Volda. Vi viser også til oversendelses e-post der skriv en også at en ønsker å kjøpe tomta.

I kommunens svarbrev på vår søknad dat 06.01.2016 så står det at Norhus også har søkt på tomt og at begge firma fr frist til 30.06.16 på å lage prospekt før evt. kommune skal gjøre tildeling.

Vi har fått utskrift av brev frå Norhus. I dette brev står det at Norhus søker om Opsjon på denne tomta, der dei ber om opsjonstid på 12 Mnd.

Vi syner til kommunens reglar for tildeling av tomt er i kommunale bustadfelt vedteke i K-Sak 94/2014

Ettersom det på denne tomta bare var Tømrer Prosjekt AS som hadde søkt om å få tildelt/ kjøpe denne tomta innan den månadlege fristen 6 Jan. så ber vi om at kommunen behandlar tomtesøknad på nytt og tildeler tomt til det einaste forma som søkte om å få tildelt/ kjøpe tomta. Tømrer Prosjekt AS

Med venleg helsing



Henning Heltne
Tømrer Prosjekt AS
Tlf. 93212702 henning@mesterhussunmore.no



VOLDA KOMMUNE
Økonomistøtteseksjonen

Norhus Ørsta AS
Indrehovdevegen 64

6160 Hovdebygda

Tømrer Prosjekt AS
Røysbakken 5

6100 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2016/20	156/2016	611 gbr. 17/131	ØST/ ELIVAS	06.01.2016

OPSJON PÅ TOMT - K1 - GBR 17/131

Viser til dykkar søknad av 04.01.2016 om opsjon og søknad på tomt K1 – gbr. 17/131, Engeset/Klepp.

Vi har no motteke to søknadar på denne tomta.

Vi vel difor å be dykk utarbeide eit prospekt på korleis de vil løyse utbygginga av denne tomta. Sidan den er bratt, kan det verte ei utfordring korleis ein vil løyse dette.

Frist for å kome med prospekt vert sett til 30.06.2016.

Volda kommune vil etter vurdering av prospekta, vedta kven som vert tildelt tomta.

Vedlagt fylgjer reguleringsføresegner for tomta.

Vi ser fram til god dialog gjennom prospektsplanarbeidet.

Med helsing

Eli Øye Vassbotn
konsulent

Volda Kommune

Sendt elektronisk via postmottak

Ørsta den. 09.12.2015.

Søknad om opsjon/reservasjon av konsentrert areal K1 – Klepp.

Viser til ledig areal på Klepp i Volda.


Tomta K1 har vore ledig i fleire år, utan at den har vore endeleg tildelt til utbyggjar.

Vi søker med dette om opsjon på kjøp av tomta, terrenget på tomta tilsei at det krevjast ekstra planlegging. Vi ber difor om ei opsjonstid på 12 mnd.

Søker på tomta er:
Norhus Ørsta AS
Org nr: 982 018 404
v/ Daglig Leiar

Vonar positivt tilsvaret på vår søknad.

Med vennlig helsing.



Einar Holsvik
Mob: 99 25 77 11
Norhus Ørsta AS

Norhus Ørsta AS

Indrehovdevegen 64
6160 Hovdebygda

Telefon 70065000
Epost: einar.holsvik@norhusnorge.no

Direkte innvalg: 99257711
www.norhusnorge.no

Foretaksnr. 982018404



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

6100 VOLDA

NAMN: TOMRER PROSJEKT AS ORG. 9934 07 313
Fødselsdato:

ADR: RØYSPÅKKEN 5 6100 Volda gi opp telef.nr. 93212702

SØKNAD PÅ TOMT.

Underteikna søker med dette om å få tildelt tomt i bustadfeltet

HALLEVEGER / ENKLETT OG KLEPP

1. Eg ynskjer å få tildelt tomt alternativt i denne rekkefylgje:

Alt. 1 – tomt nr. K1 / 17/131 Alt. 2-tomt nr.
Alt. 3 – tomt nr. Alt. 4-tomt nr.

Dersom der er fleire søknader enn der er tomter, vedtek EFS etter behovsvurdering kven som skal ha tomter. Sjølve fordelinga av tomtene mellom tomtesøklarane skjer til vanleg ved loddtrekning.

2. OPPLYSNINGAR FOR EVENTUELL BEHOVSVURDERING (NB. Ikkje offentleg)

a) Noverande bustadtilhøve:

Hybel storleik ca. m².
Hybelhusvære storleik ca. m².
Familiehusvære storleik ca. m².

b) Eig du tomt/bustad/husvære i Volda kommune frå før?

c) 1. Novernde bustadkommune:

2. Er svaret på 1 Volda, kor lenge har du budd her?

3. Skal flytte til Volda grunna:

Arbeid/skule

Andre grunnar

4. Yrke til tomtesøklar/ane:

d) Familietilhøve: Sivilstand

- tal vaksne..... tal born.....

- alder på borna.....

Volda den 04.01.2016

TOMRER PROSJEKT AS
Røysbakken 5 6100 VOLDA
underskrift

Postadresse:
Stormyra 2
6100 VOLDA

Telefon:
70 05 87 42
(dir.innval til saksh.)

Telefaks:
70 05 87 01 Volda kommune

Org. nr. 939 760 946
Postgiro skatt 7855.05.15198
Bankgiro 3991.07.81727

Gateadresse:
Stormyra 2

E-post:
postmottak@volda.kommune.no

REGLAR FOR TILDELING AV TOMTER I KOMMUALE BUSTADFELT

Vedteke i K-sak 94/2014

1. Når eit tomtefelt er byggeklart, vert tomtene lyst ledig for tildeling. Lysing vert gjort i pressa og på kommunen si heimeside, med opplysning om nærare søknadsfrist og salsvilkår elles i det aktuelle feltet.
2. Søknadsskjema finn ein på heimesida til kommunen, evt. kan ein få papirutgåve ved å vende seg til servicekontoret. Søkjarane set opp tomteynskje i prioritert rekkefylgje.
3. Berre dei som søker etter at feltet er kunngjort for sal, skal takast omsyn til ved tildeling.
4. Nye einebustadtomter som vert lagt ut for sal er reservert for privatpersonar dei fem – 5 – fyrste åra. Deretter kan også firma søkje på einebustadtomter i desse felta.
5. Ingen skal kunne kjøpe fleire tomter for samanslåing til eit prosjekt. Det kan likevel gjerast unntak for tomter utanfor sentrum og som er vanskeleg å selje.
6. Tomta skal nyttast til bustadbygging i samsvar med gjeldande reguleringsplan med vedtekter og salsvilkår. Det må startast bygging på tomta innan 1 år frå det tidspunkt tomta forfell til betaling. Er bygging ikkje starta innan byggefristen, pliktar eigaren å skøyte tomta attende til kommunen til same pris og utan kostnader for kommunen.
7. Dersom fleire søkerar har same tomt som 1. val, vert det utført loddtrekning som avgjer kven som får tildelt tomta. Tomtesøklarane vert bedne inn for å vere med på loddtrekninga.
8. Ved tildeling av tomter i felt som alt er utbygde, er det tildeling av tomter den 6. i kvar månad. Kurante saker vert avgjort administrativt. I tvilstilfelle skal saka avgjerast av Driftsstyret.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jarle B. Krumsvik

Arkivsak nr.: 2015/2288

Arkivkode: D13

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
33/16	Kommunestyret Formannskapet	23.02.2016

SAMARBEIDSAVTALE OG TENESTEYTINGSAVTALE MELLOM VOLDA KOMMUNE OG VOLDA KYRKJELEGE FELLESRÅD

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner revidert samarbeidsavtale mellom Volda kommune og Kyrkjeleg fellesråd.

Den praktiske tenesteytinga innanfor samarbeidsavtalen og godkjent budsjett vert regulert i den administrative tenesteytingsavtalen.

Vedleggsliste:

Vedlegg 1: Forslag til revidert samarbeidsavtale mellom Volda kommune og Volda Kyrkjelege fellesråd

Vedlegg 2: Gamal avtale

Samandrag av saka:

Volda kommune har motteke forslag til ny samarbeidsavtaler med Kyrkjeleg fellesråd. Det vert tilrådt at avtalene vert godkjende.

Saksopplysningar:

Kyrkjeverja og rådmannen har samarbeidd om revisjon av samarbeidsavtalen mellom Volda Kyrkjelege fellesråd og Volda kommune.

Dei viktigaste endringane er at husleige i kommunalt bygg inngår som tenesteyting. I dag utgjer husleiga kr.570.000 pr. år, som er vanleg marknadsleige.

Når det gjeld pkt. 7.0 går dette også fram av Volda kommune sitt budsjettvedtak og er såleis uproblematisk.

Det er også ei eiga tenesteytingsavtale mellom kommunen og Kyrkja. Denne omhandlar praktisk drift innanfor ramma i tenesteytingsavtalen og i budsjettet. Denne avtalen vert å godkjenne av rådmannen.

Vurdering og konklusjon:

Samarbeidsavtalen har vore forelagt for teknisk sektor, helse- og omsorgssektoren, personalavdelinga og økonomiavdelinga. Desse har ikkje merknader til det reviderte avtaleutkastet.

Rådmannen tilrår at avtalen vert godkjent.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

I følge budsjettdokumentet er det budsjettert slike tilskot til Fellestrådet:

Kr. 3.745.000 (Den norske kyrkja)

Kr. 249.000 (Kyrkjelegardar og gravlundar)

Kr. 800.000 (Kapitalkostnader)

Avtalen gjev grunnlag for endring av budsjettet.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard

Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda Kyrkjeleg fellestråd

Teknisk sektor

Økonomiavdelinga

Personalavdelinga

Helse- og omsorgssektoren

SAMARBEIDSAVTALE

MELLOM VOLDA KOMMUNE OG VOLDA KYRKJELEGE FELLESRÅD

1.0 INNLEIING:

Kyrkjelova av 7. juni 1996 innfører eit formelt og praktisk skilje mellom kommunal og kyrkjeleg verksemd frå 1. januar 1997. Lova pålegg kommunen å løyve midlar til kyrkjeleg verksemd, slik det er definert i kyrkjelova og i gravferdslova av 07.06.96. I staden for løyving kan det på ein skilde område avtalast tenesteyting. Samarbeidsavtalen skal sikre gode samarbeidstilhøve og regulere kommunen si tenesteyting.

1.1 Partar:

Avtalen er inngått mellom **Volda kommune** og **Volda kyrkjelege fellesråd**.

2.0 SAMARBEIDSTILHØVE:

2.1 Det skal vere eit fast møte mellom Volda kommune og Volda Kyrkje kvart år, der ein orienterer om og drøftar den kyrkjelege verksemda. Partane møtest ved behov utover dette for å drøfte samarbeid og konkrete saker.

2.2 Fellesrådet utarbeider økonomiplan og årsbudsjett etter til ei kvar tid gjeldande forskrifter, statlege pålegg, og føresegner fastsette av kommunen for fristar, oppsett og krav til innhald.

2.3 Kyrkjeleg og kommunal verksemd er eitt overføringsområde for arbeidstakarar med redusert arbeidsevne jfr. Arbeidsmiljøloven § 4-6

2.4 Volda kyrkjelege fellesråd skal bistå med informasjon om mål og strategiar i kommuneplanen og andre planar som vedkjem samarbeidet mellom kommunen og Kyrkja.

3.0 TENESTEYTING:

Med heimel i Lov om Den norske kirke, § 15, 4. ledd, gjev Volda kommune tenesteyting, i staden for særskild løyving, på følgjande område:

3.1 Rekneskap:

3.1.1 Kommunen tek på seg følgjande økonomioppgåver for fellesrådet og sokneråda si verksemd:

- Utlønning og lønsrekneskap for alle stillingar
- rekneskap for heile verksemda

3.1.2 Kommunen skal syte for at fellesrådet sin administrasjon får den rekneskapsinformasjonen, som er turvande for fellesrådet.

3.1.3 Fellesrådet syter for tenleg organisering for utøving av tilvisingsmynde og budsjettkontroll.

3.1.4 Fellesrådet nyttar den interkommunale revisjonen for Søre Sunnmøre som fakturerer kostnadene direkte til Volda kyrkjelege fellesråd.

3.2 Personalarbeid:

3.2.1 Fellesrådet kan nytte kommunen sin personalkompetanse

3.2.2 Etter nærare avtale kan kyrkjeleg tilsette få høve til å delta i intern opplæring av kommunetilsette.

3.3 Brøyting

Brøyting av vegar, parkeringsplassar o.a. ved kyrkjer og kyrkjegardar vert samordna med kommunen sin brøyteplan og levert som tenesteyting.

3.4 Kyrkjegardsdrifta:

Gravferdslova opnar for ulike modellar for kyrkjegardsdrift. I denne avtaleperioden vert det lagt opp til ein modell der kommunen leverer ordinær drift og vedlikehald som tenesteyting og fellesrådet tek dei administrative oppgåvene.

3.4.1 Kyrkjeverja og rådmannen kan inngå eigen "Avtale om kyrkjegardsdrift som kommunal tenesteyting". Avtalen regulerer innhald og standard på kommunen si tenesteyting og fellesrådet sitt mynde og ansvar innanfor rammene i budsjettet til kommunen og Kyrkjeleg fellesråd.

3.5 Kyrkjekontor

Kommunen leverer kyrkjekontor som tenesteyting så lenge fellesrådet har leigeavtale for kyrkjekontoret i kommunalt bygg.

4.0 PRISING AV TENESTER:

Kommunen har ansvar for å registrere og prise tenesteytinga i denne avtalen, slik at verdien kan synleggjerast i kommunen og fellesrådet sitt budsjett og rekneskap. Dei faste tenestene vert stipulert og vert innarbeidd i den årlege overføringa frå kommunen til Volda kyrkjelege fellesråd. Volda kyrkjelege fellesråd fører dei stipulerte kostnadene opp som utgift med attendeføring til kommunebudsjettet/-rekneskapen. Variable tenester vert fakturert som tilleggsytingar.

5.0 KJØP AV KOMMUNALE TENESTER:

5.1 Innkjøpsordningar:

Fellesrådet kan, etter nærare avtale, ta del i kommunen sine innkjøpsavtalar.

5.2 Forsikringsavtalar:

Fellesrådet kan forsikre dei kyrkjelege eigedomane innanfor kommunen sin forsikringsavtale, så lenge kommunen sitt forsikringsselskap aksepterer slik samordning. Forsikringspremien for kyrkjelege eigedomar vert fakturert på fellesrådet.

Fellesrådet syter for personalforsikring for kyrkjeleg tilsette.

5.3 Vedlikehold av bygg/anlegg:

5.3.1 Under føresetnad av ledig kapasitet kan fellesrådet etter særskilt avtale med administrasjonen nytte kommunen sin tekniske kompetanse ved planlegging og oppfølging av vedlikeholdstiltak. Slike tenester vert fakturert i samsvar med avtale.

5.3.2 Fellesrådet kan etter nærare avtale leige kommunen sine vedlikeholdsarbeidarar, mot refusjon av utgiftene etter gjeldande sats.

5.4 Nybygg/nyanlegg:

Under føresetnad av ledig kapasitet kan fellesrådet etter særskilt avtale med administrasjonen nytte kommunen sin tekniske kompetanse ved planlegging nye anlegg/nybygg. Slike tenester vert fakturert i samsvar med avtale.

6.0 KYRKJELEGE INVESTERINGAR

Fellesrådet tek opp lån til investeringar. Kommunen dekkjer renter og avdrag i samsvar med kommunestyret si godkjenning i den årlege overføringa frå kommunen til Volda kyrkjelege fellesråd. Tilskotsramma vert fastsett i kommunebudsjettet etter framlegg frå fellesrådet.

7.0 ÅRLEG LØYVING TIL KYRKJELGE FELLESRÅD

Kommunen si årlege løyving vert fastsett av kommunestyret i budsjetthandsaminga etter framlegg frå fellesrådet til administrasjonen i kommunen. Løyvinga skal dekkje driftstilskot til fellesrådet, investeringstilskot og dei faste tenestene etter denne avtalen. Denne vert fordelt på driftsområde; kyrkjeleg verksemd og kyrkjegardsdrift.

Driftstilskotet vert utbetalt kvartalsvis pr. 10. januar, 10. april, 10. juli og 10. oktober. Investeringstilskotet vert utbetalt etterskotsvis på bakgrunn av utgiftsførte renter og avdrag.

8.0 AVTALETID OG OPPSEIING

Denne avtalen gjeld frå 1. mai 2016 til han vert avløyst av ny avtale. Avtalen kan seiast opp av baa partar innan 1. juli med verknad frå og med påfølgjande budsjettår. Avtalen skal i alle høve reforhandlast og godkjennast av ansvarlege organ frå både Kyrkja og kommune dersom det vert gjennomført kommunesamanslåing.

Volda den.....

Volda den.....

.....
for Volda kommune

.....
for Volda kyrkjelege fellesråd

ordførar

leiar

SAMARBEIDSAVTALE

MELLOM VOLDA KOMMUNE OG VOLDA KYRKJELEGE FELLESRÅD

1.0 INNLEIING:

Kyrkjelova av 7. juni 1996 innfører eit formelt og praktisk skilje mellom kommunal og kyrkjeleg verksemd frå 1. januar 1997. Lova pålegg kommunen å løyve midlar til kyrkjeleg verksemd, slik det er definert i kyrkjelova og i gravferdslova av 07.06.96. I staden for løyving kan det på einskilde område avtalast tenesteyting. Samarbeidsavtalen skal sikre gode samarbeidstilhøve og regulere kommunen si tenesteyting.

1.1 Partar:

Avtalen er inngått mellom **Volda kommune** og **Volda kyrkjelege fellesråd**.

2.0 SAMARBEIDSTILHØVE:

2.1 Det skal vere eit fast møte mellom formannskapet og fellesrådet kvart år, der ein orienterer om og drøftar den kyrkjelege verksemda.

2.2 Ved behov er det høve til å halde særskilde møte mellom fellesrådet og kommunen, både mellom administrativ og politisk leiing.

2.3 Fellesrådet utarbeider økonomiplan og årsbudsjett etter til ei kvar tid gjeldande forskrifter, statlege pålegg, og føresegner fastsette av kommunen for fristar, oppsett og krav til innhald.

2.4 Kyrkjeleg og kommunal verksemd er éitt omplasseringsområde for yrkeshemma arbeidstakarar jfr. Arbeidsmiljøloven § 13 nr 2 –5.

2.5 Tilhøvet mellom kommunal og kyrkjeleg verksemd vert omtala i kommuneplanen.

3.0 TENESTEYTING:

Med heimel i Lov om Den norske kirke, § 15, 4. ledd, gjev Volda kommune tenesteyting, i staden for særskild løyving, på følgjande område:

3.1 Rekneskap:

3.1.1 Kommunen v/kommunekassa tek på seg følgjande økonomioppgåver for fellesrådet og sokneråda si verksemd:

- Utløning og lønsrekneskap for alle stillingar
- rekneskap for heile verksemda
- fakturering og innkrevjing av inntekter (avgifter o.a.)

3.1.2 Kommunen skal syte for at fellesrådet sin administrasjon får den rekneskapsinformasjonen, som er turvande for fellesrådet.

3.1.3 Fellesrådet syter for tenleg organisering for utøving av tilvisingsmynde og budsjettkontroll.

3.1.4 Fellesrådet dekkjer kostnadene ved revisjon og EDB-drift

3.2 Personalarbeid:

3.2.1 Fellesrådet kan nytte kommunen sin personalkompetanse

3.2.2 Etter nærare avtale kan kyrkjeleg tilsette få høve til å delta i intern opplæring av kommunetilsette.

3.3 Vedlikehald av bygg/anlegg:

3.3.1 Fellesrådet kan nytte kommunen sin tekniske kompetanse ved planlegging og oppfølging av vedlikehaldstiltak, der slik kompetanse er naudsynt.

3.3.2 Brøyting av vegar, parkeringsplassar o.a. ved kyrkjer og kyrkjegardar vert samordna med kommunen sin brøyteplan og levert som tenesteyting.

3.4 Nybygg/nyanlegg:

3.4.1 Fellesrådet kan nytte kommunen sin tekniske kompetanse ved planlegging av nyanlegg og nybygg, som kommunen heilt eller delvis finansierer.

3.4.2 Ved slike nybygg kan også kommunen si byggenemnd nyttast, . Eventuelle kostnader i samband med bruk av kommunen si byggenemnd, utover ordinær møtegodtgjersle, vert å belaste vedkomande prosjekt.

3.5 Kyrkjegardsdrifta:

Gravferdslova opnar for ulike modellar for kyrkjegardsdrift. I denne avtaleperioden vert det lagt opp til ein modell der kommunen leverer ordinær drift og vedlikehald som tenesteyting og fellesrådet tek dei administrative oppgåvene.

3.5.1 Ein eigen "Avtale om kyrkjegardsdrift som kommunal tenesteyting" regulerer innhald og standard på kommunen si tenesteyting og fellesrådet sitt mynde og ansvar.

4.0 PRISING AV TENESTER:

Kommunen har ansvar for å registrere og prise tenesteytinga i denne avtalen, slik at verdien kan synleggjerast i fellesrådet sitt budsjett og rekneskap.

5.0 KJØP AV KOMMUNALE TENESTER:

5.1 Kopiering:

Kyrkjekontoret kan nytte kommunen si kopieringsmaskin i rådhuset, mot refusjon av utgiftene til kostpris.

5.2 Innkjøpsordningar:

Fellesrådet kan, etter nærare avtale, ta del i kommunen sine innkjøpsavtalar.

5.3 Forsikringsavtalar:

Fellesrådet kan forsikre dei kyrkjelege eigedomane innanfor kommunen sin forsikringsavtale, så lenge kommunen sitt forsikringsselskap aksepterer slik samordning. Forsikringspremien for kyrkjelege eigedomar vert fakturert på fellesrådet.

Fellesrådet syter for personalforsikring for kyrkjeleg tilsette.

5.4 Fellesrådet kan etter nærare avtale leige kommunen sine

vedlikehaldsarbeidarar, mot refusjon av utgiftene etter gjeldande sats.

6.0 BRUK AV MIDLAR PÅ DET KOMMUNALE INVESTERINGSBUDSJETTET:

Desse investeringskostnadene vert dekte av kommunen, utan finansiell overføring til fellesrådet. Kyrkjelege investeringstiltak vert lånefinansiert.

7.0 TILSKOT TIL KYRKJELEG VERKSEMD OG KYRKJEGARDSDRIFT:

Kommunen løyver kvart år eit tilskot til kvart av fellesrådet sine to driftsområde; kyrkjeleg verksemd og kyrkjegardsdrift.

Dei kommunale tilskota vert overførte til fellesrådet kvartalsvis innan følgjande datoar; 10. januar, 10. april, 10. juli og 10. oktober.

8.0 AVTALETID, OPPSEIING OG EVALUERING:

Denne avtalen gjeld frå 1. juli 1998 til han vert avløyst av ny avtale.

Avtalen kan seiast opp av baa partar innan 1. juli med verknad frå og med påfølgjande budsjettår.

Partane held kvart år, innan utgangen av mai, eit evalueringsmøte for å drøfte erfaringane med avtalen.

Volda den.....

Volda den.....

.....
for Volda kommune
Knut Bere
ordførar

.....
for Volda kyrkjelege fellesråd
Oddvin Kvangardsnes
leiar



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Arne Gotteberg

Arkivsak nr.: 2016/217

Arkivkode: G21

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
34/16	Formannskapet Kommunestyret	23.02.2016

LEGEVAKT PÅ SØRE SUNNMØRE - PROSJEKT OM FRAMTIDIG ORGANISERING

Administrasjonen si tilråding

Volda kommunestyre vedtek å delta og støtte opp eit prosjekt for å greie ut framtidig organisering av legevakta på Søre Sunnmøre.

Sjustjerna helse- og omsorg får funksjonen som styringsgruppe. Styringsgruppa søker finansiering av prosjektet, tilset prosjektleiar og oppnemner prosjektgruppe. Dersom det blir behov for kommunal medfinansiering utover arbeidsinnsats frå kommunalt tilsett personell, skal det bli lagt fram som eiga sak.

Tillitsvalte for legane i kommunane på Søre Sunnmøre fungerer som ei referansegruppe. Volda kommune inviterar ein brukarrepresentant til medlem i referansegruppa for brukarar.

Uprenta saksvedlegg:

[NOU 2015:17 Først og fremst](#)

Samandrag av saka:

Det er behov for ei utgreiing av korleis legevakta på Søre Sunnmøre bør vere organisert på beste måten. Utgreiinga bør vere organisert som eit prosjekt der ein søker prosjektmidlar frå Helsedirektoratet.

Saka er teken opp etter initiativ frå "Sjustjerna helse- og omsorg", eit fellesskap for kommunane Hareid, Ulstein, Herøy, Sande, Vanylven, Ørsta og Volda og er drøfta i rådmannsgruppa i januar d.å.

Saksopplysningar:

Legevakt er ei kritisk teneste. Helsetilsynet opplyser at det er den delen av primærhelsetenesta som får flest klager på seg. Det er viktig for kommunane å organisere ei legevaktteneste med god kvalitet for innbyggjarane. Samtidig er det viktig at tenesta gir arbeidsvilkår som er med på å sikre god rekruttering til fastlegetenesta i kommunane.

1.mai 2015 kom det ei ny akuttmedisinforskrift som mellom anna har skjerpa krav til kompetanse hos legar og medhjelparar i legevakt og skjerpa krav til beredskap og bakvaktordningar. Det er gitt ein 3 års frist til å rette seg etter desse krava. Fleire av kommunane i distriktet vil ha utfordringar med å stette dette kravet slik legevakta er organisert no.

NOU 2015-17 Først og frem- Et helhetlig system for håndtering av akutte sykdommer og skader utenfor sjukehus kom 4. desember 2016. I denne blir det skildra at det har blitt stadig fleire og større interkommunale legevaktdistrikt. Dette var i utgangspunktet ei ønska utvikling fordi større legevaktdistrikt gir moglegheiter for breiare fagmiljø og meir robuste organisasjonar til å drive kvalitetsarbeid og fagutvikling. Det er ikkje den utviklinga ein har sett, då mange interkommunale legevakter har lav bemanning og med høg bruk av vikarar. Det fører til at det blir utført få sjukebesøk frå legevakta og at det er lav legedeltaking i utrykningar i akuttmedisinske situasjonar. I staden blir legevakta for ein stor del ein stasjonær teneste som gir medisinsk hjelp til pasienttilfeller med lav hastegrad. I tillegg har mange innbyggjarar i Norge lang reisetid til legevakt. Fleire undersøkinga viser at med lengre reiseveg går bruken av legevakta ned. Nedgangen av bruken gjeld også tidskritiske og mogleg livstruande tilstandar.

For å møte desse utfordringane foreslår derfor utvalet blant anna dette:

- Det skal innførast eit nasjonalt krav i forskrift om at 90% av befolkninga i kvart legevaktdistrikt skal ha maksimalt 40 minutt reisetid til nærmaste legevaktstasjon og 95% av befolkninga skal ha maksimal reisetid på 60 minutt.
- Fastlønn og utvida bruk av faste stillingar i legevakt bør innførast med sikte på å endre prioriteringa i tenesten og betre rekrutteringa.
- Legevaktslegen bør aldri vere aleine på jobb, det bør minimum vere eit anna helsepersonalle til stades.
- Ved utrykningar og sjukebesøk må lege og støttepersonell reise saman og legevakta skal ha tilgang til uniformert køyretøy.
- Kommunane må styrke samarbeidet, både med helseføretaket for å få ein meir heilheitleg akuttmedisinsk teneste og innan eigen kommune med helse og omsorgstenestene og til dømes brann.

Kor mykje av det utvalet foreslår som blir ein realitet i dei nærmaste åra er usikker, men det som allereie i dag er ei utfordring lokalt er at store deler av døgnet er legar på vakt aleine utan hjelpepersonell. Ein må vurdere kor lenge det er forsvarleg å ha ein lege aleine på vakt med ettertrakta legemiddel i kofferten sin. Mange legar føler den situasjonen svært utrygg. Det er også ofte så pass stort press på legevakta, at det kan vere behov for hjelpepersonell til å effektivisere arbeidet og handtere samtidigheitskonflikter.

Framtida og innhaldet til sjukehuset i Volda vil kunne vere viktig for organiseringa av legevakta. Gjennom nasjonal helseplan som kom i november 2015 er det lagt føringar for at Volda sjukehus ikkje lenger skal ha akuttkirurgi. I strukturarbeidet til Helse Møre og Romsdal er det venta avklaringar rundt dette.

Plassar til øyeblikkeleg hjelp døgnopphald i kommunane er i alle våre kommunar lokalisert til lokale sjukeheimar. Talet på korttids plassar, m.a. for utskrivning av ferdigbehandla pasientar frå sjukehuset, har spesielt auka sterkt. Samla betry det at kommunane ved sine sjukeheimar har fått eit større ansvar for den medisinske pasientbehandlinga og at denne, uansett tid på døgnet, må vere fullt fagleg forsvarleg. For å sikre dette trengs det legar som kan rykke ut mellom anna til sjukeheimane og ta vurderingane saman med sjukepleiarar og anna personell. Krav til kompetanse og forsvarlege helsetenester ligg på kommunane. Dette understrekar behovet for at legevakta er organisert slik at også sjukeheimane får eit godt tilbod.

Alle kommunane på Søre Sunnmøre er involvert i samarbeid rundt legevakt. For Vanylven gjeld dette berre legevakttelefonen ved sjukehuset i Volda. For dei andre kommunane gjeld det i tillegg samarbeid om nattlegevakt ved sjukehuset i Volda. Hareid/Ulstein og Sande/Herøy har i tillegg samarbeid om ettermiddag/kveld/helg. Kvivsvegen har også gjort kommunikasjonen sørover betre.

Eventuelle endringar i kommunestruktur vil også kunne ha betydning for organisering av legevakta.

Slik kommuneoverlegen på det noverande tidspunkt vurderer dette, bør ein med base i det felles akuttmottaket ved Volda sjukehus få til ei så stor og robust legevaktordning at ein kan ha to legar i vaktssystemet. Ein lege som har standplass ved legevaktsentralen ("held fortet") og ein "køyrelege" (event. i beredskap) som kan reise ut i sjukebesøk og andre samhandlingsoppdrag (politi/redning/ambulansse etc). Desse to legane og anna personell i legevaktordninga og i det felles akuttmottaket må utfylle kvarande på ein fleksibel og god måte. Dette er eitt av mange moment som må bringast inn og utgreiast i prosjektet.

Vurdering og konklusjon:

Det er behov for ei utgreiing av korleis legevakta bør vere organisert for å kunne møte dei utfordringane ein ser i tenesta. Ei slik vurdering bør take omsyn til heile regionen, og ikkje berre den einskilde kommune. Med bakgrunn i det nære samarbeidet vi alt har med sjukehuset i Volda, og samanhengen mellom legevaktorganisering og ambulansseorganisering, bør også helseføretaket vere involvert i arbeidet.

Vi foreslår derfor at ein startar eit prosjekt med Sjustjerna Helse- og Omsorg som styringsgruppe. Dei syter for søknad om prosjektmidlar frå helsedirektoratet, tilset prosjektleiari og peikar ut prosjektgruppe. I prosjektgruppa bør der vere med både legar, leiarar og representant for brukarane og helseføretaket. Der bør vere 2 referansegrupper: tillitsvalte for legane og ei brukargruppe med ein representant frå kvar kommune utpeika av kommunen.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen direkte no, men av stor viktighet for styrking av det framtidige helsetenestetilbodet

Økonomiske konsekvensar:

Ein går ut i frå at det er mogleg å finansiere prosjektet med prosjektmidlar frå Helsedirektoratet og eigeninnsats i form av bruk av arbeidstimar. Om det ikkje blir mogleg, vil det kome eiga sak om dette.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Prosjektarbeidet har ingen effektar på beredskapen no, men målet for prosjektet er å finne fram til ei organisering av legevakttenesta som skal styrke beredskapen og gjere ordninga meir robust.

Rune Sjurgard
Rådmann

Arne Gotteberg
Kommuneoverlege/fagsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Rådmennene på Søre Sunnmøre

Sjustjerna Helse- og Omsorg ved sekretær

Helse Møre og Romsdal HF – Volda sjukehus/akuttmottaket

Helse Møre og Romsdal HF - Samhandlingsavdelinga



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Per Ivar Kongsvik	Arkivsak nr.:	2014/1284
		Arkivkode:	233

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
35/16	Formannskapet	23.02.2016

VALDSKOORDINATOR

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet syner til at budsjettet for 2016 er vedteke med eit negativt netto driftsresultat på kr 10,2 millionar. Formannskapet ber om at valdskordinator i 20 % stilling vert å vurdere i samband med komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.

Vedleggsliste:

Avslutningsnotat frå valdskordinator, dagsett 19.09.2014.

Samandrag av saka:

I 2007 vart "Handlingsplan mot vald i nære relasjonar" vedteken i kommunestyret. Som eitt av tiltaka i planen vart det i juli 2007 tilsett valdskordinator i 20 % stilling. Valdskordinatoren skulle vere eit lågterskeltilbod brukarar og tilsette kunne nytte ved vald i nære relasjonar. Tiltaket skulle bidra til at vald i nære relasjonar vart avdekka og at ein tidleg skulle kome inn med hjelpetiltak.

Det vart oppretta ei tverrfagleg gruppe med representantar frå politiet, lege, tenesta for psykisk helse og NAV. Valdskordinator koordinerte gruppa sitt arbeid.

Valdskordinator betente også ein vakttelefon måndag – fredag mellom kl 08.00 – 16.00. Utover dette vart det arbeidd med å nå ut med informasjon til innbyggjarane i kommunen. Mellom anna vart det utarbeidd ein brosjyre på ulike språk.

Grunna kommunen sin vanskeleg økonomiske situasjon, vart valdskoordinatorstillinga vedteke nedlagt med verknad frå 01.09.2014. Frå same dato vart ressursgruppa mot vald oppløyst.

Saksopplysningar:

I samband med årsbudsjett for 2016 vedtok kommunestyret følgjande:

Kommunestyret ber om at det blir gjenoppretta stilling som valdskoordinator i 20 % stilling.

20 % stilling som valdskoordinator vil i heilårseffekt ha ein kostnad på om lag kr 120 000,-.

I ramma til sektor for opplæring og oppvekst er det i 2016 budsjettert med 100 % stilling som kommunepsykolog. Sidan kommunepsykologen ikkje tek til i stillinga før 29.03.2016, vil det vere unytta lønsmidar til å dekke ei 20 % stilling som valdskoordinator. Viss ein vel å gjenopprette valdskoordinatorstillinga med desse lønsmidlane, bør kommunestyret samstundes ta høgde for å løyve lønsmidlar til stillinga i årsbudsjettet for 2017 og seinare år. Skal stillinga gjenoppsettast, må det vere med det som mål å sikre stillinga i framtida.

Vurdering og konklusjon:

Stillingsdelen for valdskoordinator vart teken vekk av kommunestyret i samband med innsparingstiltak i 2014. Budsjettet for 2016 er vedteke med eit negativt netto driftsresultat på kr 10,2 millionar. Dette betyr i praksis at Volda kommune ikkje har økonomisk handlingsfridom til å ta på seg nye utgifter over drifta. Kommunestyret har derfor vedteke at det skal setjast i gang ein prosess for å drøfte strategiar og tiltak for ein berekraftig økonomi for kommunen.

Valdskoordinator er sjølvstendig ein viktig funksjon, men alt handlar om prioritering. Dersom denne funksjonen skal prioriterast så må det etter rådmannen si mening gjerast ved at ein tek vekk eller reduserer andre tenester. Så langt i året 2016 har kommunestyret vedteke å gjenopprette nedlagte tiltak ved å bruke av ubunde driftsfond. Rådmannen kan ikkje tilrå at det vert gjort også for dette tiltaket. Rådmannen meiner at spørsmålet om ev gjenoppsetting av valdskoordinatoren vert å vurdere i samband med budsjetthandsaminga for 2017 og vil tilrå at tiltaket vert vurdert i den prosessen.

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef


Utskrift av endeleg vedtak:

Kommunestyret
Opplæring og oppvekst

Klageinstans:



2014/1284



Avslutningsnotat frå valdskordinator, september 2014

Kommunestyret vedtok å leggje ned valdskordinatorstillinga i Volda kommune i desember 2013 i samband med økonomiske nedskjeringar. Valdskordinatorstillinga på 20% stilling er lagt ned med verknad frå 1/9 2014. Dermed vert også ressursgruppa mot vald oppløyst. Ressursgruppa har bestått av representant frå barnevern, politi, lege, tenesta for psykisk helse og nav. Valdskordinator har koordinert gruppa sitt arbeid.

Volda var tidleg ute med sin eigen: "Handlingsplan mot vald i nære relasjonar i Volda kommune". Denne vart vedteken i 2006. Stillinga som valdskordinator vart oppretta i juli 2007 som eitt av tiltaka i handlingsplanen. Valdskordinator vart definert som 20% av stillinga til psykolog/foreldre- og ungdomsrettleiar i helseavdelinga. Dette var då ei 100% stilling iht. vedteken psykiatriplan. Ingrid Sævik vart tilsett i stillinga, fram til ho gjekk over i anna stilling ved BUP, Volda (Psykisk helsevern for barn og unge). Underteikna har vore i stillinga sidan 1/10 2011, i kombinasjon med ei helsesøsterstilling på helsestasjonen.

Prosedyre og informasjonsformidling:

Det vart tidleg utarbeidd prosedyre for ressursgruppa og ein har lagt vekt på informasjonsformidling innad i kommunale avdelingar og samkjøring av tverrfaglege rutiner. Tilbodet har vore eit lavterskeltilbod, og blitt nytta både ved konkrete saker og ved bekymring utan navns nevning. Tverrfaglig samarbeid har gitt styrka kompetanse og auka bevisstgjerings i høve til handtering av saker knytta til mistanke om vald i nær relasjon.

Brosjyrer:

I 2010 vart det trykt opp brosjyrer på ulike språk, med mål om å nå ut til innbyggjarane med informasjon om vald i nære relasjonar og om ulike kontakt/hjelpeinstitusjonar. Ei tverrfagleg gruppe, samansett av barnevern, innvandrarkontoret og valdskordinator utarbeidde innhaldet i brosjyre og plakat. Styret for frivilligsentralen søkte midlar til utarbeiding frå staten. Fylkeskommunen bevilga også midlar. Brosjyra vart trykt på ulike språk (norsk, engelsk, fransk, arabisk, somalisk og tigrinia), og har vore tilgjengeleg på servicetorget til Volda kommune, helsestasjon, legekontor, politikontor og sjukehuset i Volda. Brosjyra har blitt mykje nytta, også ved undervisning til ulike grupper. Alle asylsøkjjarar og flyktingar har fått utdelt brosjyra ved førstegangssamtale på helsestasjonen.

Vakttelefon:

Valdskordinator har hatt ein vakttelefon, betjent mandag-fredag 08-16, tilgjengelig for publikum og tilsette i tenesteapparatet. Telefonnummeret har stått på Volda kommune sine heimesider, og stått i kommuna si brosjyre om "Vald i nære relasjonar". Telefonen er pr. 1/9 ikkje betjent.

Handlingsplan mot vald i nære relasjonar i Volda kommune:

Oppretting av valdskordinatorstilling var eit av tiltaka i handlingsplanen (punkt 6.2.3). Skal handlingsplanen no opphøre, reviderast eller skal dei arbeidsoppgåvene som var lagt til valdskordinator og ressursgruppa overførast til andre?

I samarbeid med leiar på helsestasjonen vart det i sommar søkt om prosjektmidlar frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet i håp om å kunne redde valdskordinatorstillinga. Det vart

søkt om "tilskudd til kommuner til foreldrestøttende tiltak" for komande fireårsperiode. Vi såg for oss at vi etterkvart kunne få til eit interkommunalt samarbeid med Ørsta, evt. dei fire kommunane som no inngår i interkommunalt barnevern. Dessverre fekk Volda kommune avslag på søknaden.

Sentrale føringar og satsingar lokalt:

Med Stortingsmelding nr 15 (2012-2013) "Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjonar; Det handler om å leve" og Justis- og beredskapsdepartementet sin "Handlingsplan mot vold i nære relasjonar 2014-2017; Et liv uten vold", er dei sentrale føringane for dette arbeidet sterkare enn nokon gong. "Vi må våge å sjå, våge å spørre, tørre å handle" understreker Nasjonalt kompetansesenter om vold og traumatisk stress.

Ulike avdelingar har eit sjølvstendig ansvar for forebygging og oppfølging av saker knytta til vald i nære relasjonar, og fleire avdelingar har kompetansehevande prosjekt på gang. Eksempelvis har barnehagane satsinga "Voldaprojektet 2013-2017; - psykisk helse i barnehagen", og helsestasjon og interkommunalt barnevern har gjennomført opplæringsprogrammet "Tidlig Inn" i samarbeid med sjustjerna og Regionalt opplæringssteam. Dette omhandlar tidlig intervensjon ved vanskar knytt til psykisk helse, rusmidlar og vald i nære relasjonar.

Vegen vidare:

Det leiargruppa no må ta stilling til er kommunal handlingsplan og ivaretaking av koordinering mellom avdelingane. Mange har gitt uttrykk for at valdskoordinator funksjonen og ressursgruppa mot vald har vore ein effektiv og ressursparande måte å ivareta tverrfagleg samarbeid på. Det har gitt oss ei felles plattform og letta arbeidet med å sette inn tiltak på rett tenestnivå raskt.

Det har og vore viktig å ha eit lavterskeltilbod ein kan vende seg til, både for dei som er bekymra for nokon i sin omgangskrets og for tilsette i tenesteapparatet. Det vert viktig å finne ei god løysing for ivaretaking av dette vidare.

Ressursgruppa mot vald i nære relasjonar hadde sitt avviklingsmøte 2. september.

Volda 19/9 2014:

Ann-Elin Overvoll Lillebø



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjurgard

Arkivsak nr.: 2016/29

Arkivkode: 034

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
10/16	Formannskapet	19.01.2016
11/16	Kommunestyret	28.01.2016
25/16	Formannskapet	09.02.2016
36/16	Formannskapet	23.02.2016

OPPFØLGING VEDTAK PUNKT 22 I BUDSJETT 2016 - ORGANISERING AV PROSESSAR FOR FRIGJERING AV RESSURSAR

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg:

1. *Formannskapet vedtek å starte opp med arbeidet med budsjett 2017 og økonomiplan 2017*

-

2020 så raskt som råd og oppnemner ei arbeidsgruppe til å drøfte strategiar og tiltak saman med administrasjonen, samansett slik:

- 3 representantar frå formannskapet: _____ / _____ / _____
- leiar av driftsstyret
- leiar av forvaltningsstyret

Dei hovudtillitsvalte vert invitert til å møte med 2 representantar med talerett i møta i arbeidsgruppa.

2. *Arbeidsgruppa skal etter førebunde innspel frå administrasjonen, og utvida KOSTRA-analyse, identifisere strategiar og tiltak som kan frigjere ressursar etter dei føringar og målsettingar som er i gjeldande budsjett og økonomiplan.*

3. *Formannskapet vedtek slike føringar for arbeidet:*

a. Strategiar og tiltak for å redusere driftsnivået, samt utvikle kommunen, skal sjåast i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv opp mot mål, strategiar og handlingsprogram i kommuneplanen, samt ev konsekvens av kommunereforma.

b. Drifta skal vurderast i høve til normert utgiftsnivå i inntektssystemet, og tiltak skal også vurderast ut frå kva nivå drifta i Volda kommune ligg i høve samanliknbare kommunar.

c. Tidleg innsats og førebygging i alle livsfasar er retningsgjevande. Strategiar og tiltak skal stimulere til meistring der ein byggjer på folk sine ressursar for å auke livskvaliteten og redusere behovet for ressurskrevjande tenester.

d. Ingen strategiar eller tiltak vert skjerma for utgreiing i denne fasen. Tiltak som kan frigjere ressursar der tilbodet likevel vert oppretthalde skal synleggjerast (til dømes endra organisering og struktur på tenestene).

e. Investering og tiltak i nyskapande måtar å organisere og gjere ting på for å drive smartare og rimelegare skal vurderast.

f. Arbeidsgruppa skal ha kontinuerleg dialog med formannskapet. Leiar for driftsstyret og for forvaltningsstyret vert bedne om å ha løpande dialog med sine utval.

4. Rapport frå arbeidsgruppa skal vere ferdig til 10. august og inngå som grunnlag for ev brukarinnspel og ei sak som rådmannen legg fram til politisk handsaming i kommunestyret i september.

Status og framdrift i arbeidsgruppa sitt arbeid vert å leggje fram for kommunestyret under vegs.

5. Det etablerte trepartssamarbeidet vert bedt om å kome med framlegg til strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.

Formannskapet drøfta saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.

Røysting:

Utsettingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 09.02.2016:

Saka vert utsett.

Handsaming:

Erlend Krumsvik, KRF, kom med fylgjande alternativt framlegg:

Kommunestyret ber rådmannen om å starte opp arbeidet med budsjett 2017 og økonomiplan 2017-2020 så raskt som råd.

- a) Rådmannen skal identifisere strategiar og tiltak som frigjer ressursar etter dei føringar og målsettingar som er i gjeldande økonomiplan. Utgreiingsarbeidet ligg til administrasjonen.*

- b) *Det står sentralt å realisere kortsiktige tiltak og langsiktige strategiar for å nå dei mål, strategiar og handlingsprogram som er vedtatt i kommuneplanen.*
- c) *Utfallet av kommunereforma skal prege arbeidet når kommunale vedtak er klare.*
- d) *Ingen strategiar, tiltak eller etablerte arbeidsmåtar er skjerma for utgreiing.*
- e) *Rådmannen skal ha ein kontinuerlig dialog med Driftsstyret fram til og med august 2016, for å orientere og drøfte ulike tiltak og strategiar som er formålstenleg for arbeidet.*
 - a. *Det skal først møtebok frå dialogmøta med Driftsstyret.*
 - b. *Medlemmane i Driftsstyret kan få tilbod om særleg opplæring i samband med dette arbeidet.*
- f) *Frå august 2016 blir den politiske forankringa overført til Formannskapet, som vidareførar arbeidet også i lys av utfallet i kommunereforma.*
- g) *Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.*

Kommunestyret ber om å få referatsaker frå framdrifta i arbeidet, og elles orientert som ved ein normal budsjettprosess.

Ordføraren kom med fylgjande framlegg som blir å rekne som eit utsettingsframlegg:

Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå KrF og debatten

Odd A. Folkestad, Jenny Venås og Margrete Trovåg fekk permisjon og gjekk. Det var 24 røysteføre til stades i framhald av møtet.

Røysting over utsettingsframlegget:

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

Kommunestyret gir formannskapet fullmakt til å godkjenne prosessen med organisering, mandat og framdriftsplan med grunnlag i saksutgreiinga, forslag frå KrF og debatten

Handsaming:

Formannskapet drøfta saka og var samde om at oppnemning av politiske medlemmer i arbeidsgruppene, vert sendt vidare til handsaming i valnemnda.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, men unntak frå oppnemning av medlemmer i arbeidsgruppene, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i formannskapet - 19.01.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner prosess med organisering, mandat og framdriftsplan slik det er skissert i saksutgreiinga.

Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemmer i arbeidsgruppene

- oppvekst 1).....2) 3).....
- helse og omsorg 1).....2) 3).....
- tekniske tenester 1).....2) 3).....
- eigedomsforvaltning 1).....2) 3).....

Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner prosess med organisering, mandat og framdriftsplan slik det er skissert i saksutgreiinga.

Kommunestyret oppnemner følgjande politiske medlemmer i arbeidsgruppene

- oppvekst 1).....2) 3).....
- helse og omsorg 1).....2) 3).....
- tekniske tenester 1).....2) 3).....
- eigedomsforvaltning 1).....2) 3).....

Det etablerte trepartssamarbeidet vert gruppa som får ansvar for gjennomgang av strategiar og tiltak for utvikling av arbeidsmiljø.

Samandrag av saka:

Med bakgrunn i vedteken økonomiplan og kommunestyret sin intensjon om å fjerne eigedomsskatten i 2019, så må Volda kommune ut frå dei overslag som ligg i økonomiplanen redusere budsjettet med 57 mill i 2019. I 2017 skisserer økonomiplanen at budsjettet må reduserast med 11 mill.

Rådmannen kjem med framlegg til prosess bygt på partnerskap for å utgreie løysing på dette utfordringsbildet.

Samtidig som det vert invitert til prosessar for å identifisere strategiar og tiltak for å redusere drifta, skal prosessen også koplast mot langsiktige og heilskaplege strategiar koplta til kommuneplanen.

Saksopplysningar:

I samband med budsjetthandsaminga i K-sak 152/15 vedtok kommunestyret følgjande:
"Kommunestyret ber rådmannen leggje fram sak om organisering av prosessar og mandat for å konkretisere frigjering av ressursar, slik det skissert behov for i 2017 - 19."

I budsjettdokumentet er behovet skissert med kr 11 mill i 2017, 19,8 mill i 2018 og 25,4 mill i 2019. Desse tiltaka er ikkje konkretisert, og intensjonen med å be om ei sak om organisering av prosessar var å finne løysingar på korleis dette skal realiserast, og at dette skal vere eit grunnlag for komande budsjett- og økonomiplanhandsaming.

I tillegg har kommunestyret som intensjon å avvikle eigedomsskatten i 2019, jfr K-sak 112/13 og sist i ovannemnde sak i punkt 34 a i vedtaket:

"Innføring av eigedomsskatt i Volda vart gjort gjennom vedtak i kommunestyret 29/8 2013, sak ps 112/13. I pkt 3 i dette vedtaket heiter det: "Ein føreset at det vert sett i verk tiltak i kommunen som bringer økonomien i balanse utan eigedomsskatt slik at eigedomsskatten vert søkt avvikla i år 2019."

Det er Volda kommunestyre sin intensjon at økonomistyringa i kommunen vert slik som føresett i nemnde vedtak."

I økonomiplanen for 2015 - 18 la kommunestyret til grunn eigedomsskatt på 4 promille. I budsjettet for 2016 er eigedomsskatten likevel vidareført med 2 promille ved balansering med bruk av fond og inntektsføring av premieavvik pensjon. Også i gjeldande økonomiplan er det lagt til grunn auke til 4 promille eigedomsskatt i perioden 2017 - 2019. I 2016 er eigedomsskatten inntektsført med 16 mill. Ved 4 promille (kvart av åra i perioden 2017 - 19) er eigedomsskatten inntektsført med 32 mill.

Når ein tek omsyn til behovet for frigjering av ressursar i økonomiplanen, eigedomsskatt på 4 promille i 2017 og 2018 saman med kommunestyret sin intensjon om å fjerne eigedomsskatten i 2019, så vert behovet for frigjering av ressursar følgjande:

År	Økonomiplan	Fjerna eigedomsskatt 2019	Sum frigjering
2017	11 000 000		11 000 000
2018	19 800 000		19 800 000
2019	25 400 000	32 000 000	57 400 000

Tabellen skal tolkast slik at det er 11 mill i 2017, ytterlegare 8,8 mill i 2018 og ytterlegare 37,6 mill i 2019.

Oversikta viser overslag over manglande dekning basert på dagens svært låge rentenivå. Volda kommune har pr tidspunkt 87 % av gjelda til flytande rente. Dersom renta stig med 1 prosentpoeng vil det utgjere brutto om lag kr 8 mill på drifta ut frå dagens gjeld.

Budsjett 2017 er nærast foreståande og det er nødvendig å utgreie konkrete strategiar og tiltak. For resten av åra i økonomiplanen må det også trekkjast opp retning for å frigjere så store ressursar. Det er viktig å kome i gang tidleg med budsjettarbeidet, og prosessen vert å sjå på som oppstart av dette for 2017. Kommunelova stiller krav til at tiltak i budsjettet skal konsekvensutgreiast, og skal kommunestyret kunne gjere drastiske omleggingar eller reduksjon i tenestetilbodet, så er ein avhengig av å få utgreidd dette allereie før formannskapet legg fram si innstilling.

I prosessen er det viktig med brei og aktiv involvering. Prosessen bør koplust til kommuneplanarbeidet for at det ein gjer på kort sikt vert sett i samanheng med overordna mål og strategiar. Samtidig er det viktig å tenkje heilskapleg. Den kortsiktige horisonten

tvingar ein ofte inn i reine utgiftskutt og inntektsauke utan å ha skapt rom for grunnleggjande omleggingar som krev heilskapleg og langsiktig tenking. Det er nødvendig å sjå på strukturelle tiltak i organiseringa av tenestene der ein ser korleis ein kan frigjere ressursar samtidig behalde gode nok tenester.

Utfordringsbildet er formidabelt. Det er viktig at politikarane kjem tidleg på bane i definering av dette utfordringsbildet, og ta den politiske leiarskapen i involverande prosessar, som til slutt gir løysingar som både er gjennomførbare og berekraftige. Samtidig er det viktig å ha med seg brukarinteressene og dei tilsette.

Vurdering og konklusjon:

Når ein går i gang med ein slik prosess er det vesentleg at alle har felles situasjons- og utfordringsbilde. Rådmannen legg derfor opp til å tinge ei utvida KOSTRA-analyse for Volda kommune basert på sist avlagte rekneskap (2014) og som samtidig skodar til førebels KOSTRA-rapportering for 2015. Dette vert sett bort til konsulentfirma som også vil få oppdrag om å presentere og gi opplæring til dei som skal arbeide med prosessen for driftsreduksjon.

Rådmannen vil foreslå at det vert sett ned ei arbeidsgruppe med 3 politikarar oppnemnt av kommunestyret, 1 frå administrasjonen og 1 tillitsvalt for kvart av desse områda:

- oppvekst (barnehage/skule/helsestasjon/læringscenter)
- helse og omsorg
- tekniske tenester (veg/vatn/avløp)
- eigedomsforvaltning
- arbeidsmiljø

Når det gjeld arbeidsmiljø vil rådmannen foreslå at oppdraget vert lagt til trepartssamarbeidet der ei gruppe allereie er etablert. Kommunen har store verdiar og kostnader knytt til eigedom, og strategiske vurderingar knytt til kva eigedomar skal kommunen ha og drive framover må også sjåast i samanheng med gruppene for oppvekst og helse-/omsorg når det gjeld tenestestruktur.

For at prosessen ikkje skal verte for omfattande foreslår rådmannen å avgrense det til dei ovannemnde temaene. Dette er dei tyngste tenesteområda. Samtidig vil KOSTRA-analysen dekkje heile den kommunale verksemda og vere eit godt verkty for budsjettprosessen.

Rådmannen vil foreslå følgjande felles mandat for alle gruppene:

- a. Arbeidsgruppene arbeider etter dei prinsipp, strategiar og føringar som framgår av vedteke budsjett for 2016. Målsettinga er å identifisere strategiar og tiltak for å frigjere ressursar tilsvarande skissert behov i økonomiplanen. Arbeidsgruppene vert bedne om også å sjå på tidlegare utgreingar og forslag om endringar i drifta.
- b. Strategiar og tiltak for å redusere driftsnivået skal sjåast i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv opp mot mål, strategiar og handlingsprogram i kommuneplanen, samt kommunereforma.

Drifta skal søkjast tilpassa maksimalt normert utgiftsnivå i inntektssystemet, og tiltak skal også vurderast ut frå kva nivå drifta i Volda kommune ligg i høve samanliknbare kommunar.

- c. Tidleg innsats og førebygging i alle livsfasar er retningsgjevande. Strategiar og tiltak skal stimulere til meistring der ein byggjer på folk sine ressursar for å auke livskvaliteten og redusere behovet for ressurskrevjande tenester.
- d. Ingen strategiar eller tiltak vert skjerma for utgreiing i denne fasen. Tiltak som kan frigjere ressursar der tilbodet likevel vert oppretthalde skal synleggjerast (til dømes endra organisering og struktur på tenestene).
- e. Investering og tiltak i nyskapande måtar å organisere og gjere ting på for å drive smartare og rimelegare skal vurderast.
- e. Arbeidsgruppene kan oppnemne undergrupper for å utgreie særskilte problemstillingar.
- f. Strategiar og tiltak som er relatert til 2017 skal vere realistiske og overordna vurdert i høve til konsekvensar.

Rådmannen foreslår følgjande prosess og framdriftsplan:

Aktivitet	Periode	Kommentar/avklaring
Arbeidsgruppene vert oppnemnt	Innan 10. februar	Kommunestyret oppnemner politiske representantar 28.01.16
Folkevaltopplæring i økonomi	Mars	Kommunestyret og arbeidsgruppene
Presentasjon av utvida KOSTRA-analyse	April	Kommunestyret og arbeidsgruppene
Arbeidsgruppene legg fram rapport som vert sydd saman til ein felles rapport for formannskapet	10. august (frist arb.gruppene)	Formannskapet går gjennom rapportane og gir føringar til politisk sak.
Rådmannen legg fram sak for kommunestyret (sak via formannskapet)	20. september	Bygt på resultata av prosessen i arbeidsgruppene, formannskapet sine føringar og ny kommuneplan. Dette vert bygt inn i ein første versjon handlingsprogram (forenkla) som vert eit grunnlag for utarbeiding av budsjett og økonomiplan.
Kunngjering og invitasjon til innspel frå innbyggjarar og organiserte brukarråd	September	Innspela vert tekne med i administrasjonen sitt vidare arbeid med utarbeiding av budsjett og økonomiplan.

Arbeidsgruppene legg sin eigen framdriftsplan for å følgje opp arbeidet fram til fristen for levering av skriftleg rapport. Administrasjonen stiller med sekretær/utgreiingsressurs til gruppene.

Rådmannen vil presisere at dette vert ein omfattande og krevjande prosess. Ambisjonsnivået vert derfor avgrensa til å identifisere strategiar og konkrete tiltak. Når kommunestyret ev har slutta seg til strategiane og tiltaka, så må det i samband med budsjettarbeidet og/eller eigne saker gjerast grundigare utgreiingar med høyringar og etterfølgjande politisk handsaming mv.

Det vert stort press både på politikarane og administrasjonen å gjennomføre denne prosessen parallelt med arbeidet med kommunereform og revisjon av kommuneplanen. Alternativet kunne vore å kjøpe seg kapasitet ved å leige inn eit konsulentfirma som gjekk gjennom drifta og kom med forslag til strategiar og tiltak. Svakheita med det er at dei vil måtte sjå dette på avstand og mangle lokal kunnskap, og det vil i alle høve liggje mykje arbeid på både administrasjonen og politikarane å omsetje konsulentrapporten til gjennomførbare råd og vidare oppfølging.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Oppnemnde medlemmer i arbeidsgruppene
Medlemmene i rådmannen sitt leiarteam
Alle hovudtillitsvalte
Hovudverneombodet
Ref arbeidsmiljøutvalet

PS 37/16 Orienteringssaker

OS 20/16 Kommunereform